

Referat frå «Før jakta»-møte i Hovda Utmarkslag SA

Møtestad: Kommunestyresalen, Combisenteret, Fiskå

Dato: 21. august 2026

Møtestart: Kl. 19.30

Tal på deltakarar: 20

Opning av møtet

Leiaren i Hovda Utmarkslag SA ønskte velkomen til den årlege samlinga «Før jakta», som har vore arrangert kvart år sidan laget vart stifta. Alle jaktfeltleiarane var inviterte i tråd med etablert rutine, saman med andre som har interesse for jakta og hjorteforvaltninga i HUL.

Jaktleiaren leia møtet og orienterte om aktuelle spørsmål og endringar framfor den komande jaktseasonen.

Eit sentralt tema var kunnskapsgrunnlaget for hjorteforvaltninga i Hovda-området. Statistikken som er utarbeidd gjennom dei siste 20 åra, gir eit omfattande og verdifullt bilete av utviklinga i hjortebestanden. Materialet viser at Hovda Utmarkslag over tid har drive ei grundig, målretta og kunnskapsbasert forvaltning.

Status etter førre driftsplanperiode

Jaktleiaren presenterte hovudtrekka frå den førre driftsplanperioden. Statusen kan kort summerast slik:

- Bestanden har gått noko ned.
- Omfanget av beiteskadar er redusert.
- Gjennomsnittlege slaktevektar viser ein forsiktig oppgang.
- Det har vore større merksemd på verdien av eldre koller og bukkar.
- Jakta har vorte meir målretta og effektiv.

Utviklinga i slaktevektene tyder på at den tidlegare nedgangen har stansa. Den forsiktige oppgangen er eit positivt teikn og kan vere ein indikasjon på at forvaltninga og uttaket av dyr har vore godt tilpassa ressursgrunnlaget.

Vegen vidare

For å sikre ei vidare forsvarleg og berekraftig forvaltning vart desse punkta framheva:

- stabilisere bestanden i dei områda der nivået no er tilfredsstillande
- redusere uttaket av produktive koller noko
- halde merksemda på samansetninga av bestanden etter at jakta er avslutta
- gjennomføre eit rett uttak med omsyn til alder og kjønn
- ta vare på og nytte lokal kunnskap aktivt i forvaltninga
- redusere bestanden vidare i område med særleg stort beitepress og omfattande skadar

Forvaltninga har vore kjenneteikna av styrt avskyting og høg fellingsprosent. Det har samstundes vore lagt vekt på kva slags dyr som står att etter jakta. Målet er å auke gjennomsnittsalderen i bestanden og sikre eit tilstrekkeleg innslag av eldre koller og bukkar.

Eldre dyr har stor verdi for ein stabil og naturleg brunstsyklus. Eit større uttak av yngre dyr kan difor vere eit viktig verkemiddel for å oppnå ei betre alders- og kjønnsamansetning.

Bruk av termiske siktemiddel

Jaktleiaren orienterte om diskusjonen rundt bruk av termiske siktemiddel under hjortejakt. Dette er eit tema som skaper stort engasjement og ulike syn blant jegerar og grunneigarar.

Styret i Hovda Utmarkslag har i høyringssvaret til Vanylven kommune stilt seg positivt til at termiske siktemiddel kan tillatast i ei avgrensa prøveperiode på fem år, innanfor dei vilkåra og avgrensingane som blir fastsette. Møtedeltakarane gav si tilslutning til styret fråsegna si om å tillate termisk rifle og kikkert i høyringsrunden til kommunen.

Det vart understreka at bruk av ny teknologi ikkje reduserer jegeren sitt ansvar. Krava til sikker identifikasjon av dyret, sikkert skot, forsvarleg bakgrunn og god jaktetikk gjeld fullt ut.

Ettersøk ved skadeskyting

Neste tema var jegeren sine plikter ved skadeskyting. Det er no etablert ein velfungerande ettersøks ring i kommunen, med godkjende ettersøks hundar og kvalifiserte hundeførarar, som HUL har signert avtale med.

Kvar enkelt jeger har ansvar for å forsikre seg om at det ligg føre ein gyldig og skriftleg avtale om tilgang til godkjend ettersøksekvipasje før jakta tek til. Dette er eit grunnleggjande krav og ein viktig del av ansvaret for sikker og forsvarleg jakt og god dyrevelferd.

Kontaktinformasjonen til ettersøksringen vart tydeleg presentert under møtet. Denne informasjonen, saman med andre praktiske opplysningar, er også tilgjengeleg under fana «Jaktinformasjon» på nettsida til Hovda Utmarkslag SA.

Lokale vurderingar av hjortebestanden

Alle deltakarane fekk høve til å orientere om korleis dei vurderer hjortebestanden i dei ulike delane av Hovda Utmarkslag sitt virkeområde.

Den samla vurderinga var at bestanden no er nokolunde stabil, men at det framleis er lokale variasjonar. Beiteskadane er i stor grad avhengige av om det er etablert effektive fysiske tiltak.

Erfaringane viser at relativt enkle, men tilstrekkeleg høge gjerde kan redusere eller i enkelte område nærast eliminere beiteskadane. Der slike tiltak ikkje er gjennomførte, er skadeomfanget vesentleg større. Dette viser at førebyggjande tiltak må inngå som ein del av den samla forvaltninga, saman med eit målretta jaktuttak.

Avslutning

Møtet vart avslutta med ei tydeleg påminning om trygg og ansvarleg jaktutøving. Jegeren har sjølv ansvar for at alle nødvendige avtalar, dokument og ordningar knytte til ettersøk er på plass før jakta tek til.

Møtet vart heva kl. 21.04. Forsamlinga takka jaktleiaren med applaus for ei grundig framlegging av statistikk og fakta om hjorteforvaltninga, og for å ha lagt til rette for gode og nyttige meningsutvekslingar.

Summering av møtet

«Før jakta»-møtet viste at Hovda Utmarkslag har eit solid kunnskapsgrunnlag bygd opp gjennom 20 år med registreringar, statistikk og lokale erfaringar. Utviklinga med ein meir stabil bestand, mindre beitepress i fleire område og ein forsiktig oppgang i slaktevektene tyder på at den målretta forvaltninga har gitt positive resultat.

Den vidare forvaltninga må framleis byggje på styrt avskyting, høg jaktetisk standard og ei medviten vurdering av kva dyr som skal stå att etter jakta. Eldre koller og bukkar må takast vare på som viktige bærebjelkar i ein sunn og stabil bestand, medan uttaket i større grad kan rettast mot yngre dyr og område med særleg stort skadepress.

Samtidig må førebyggjande tiltak, sikre jaktmetodar og ei velfungerande ettersøksordning være ein integrert del av arbeidet. Samla sett stadfesta møtet at lokalkunnskap, langsiktig statistikk, ansvarleg jaktutøving og godt samarbeid mellom grunneigarar, jegerar og jaktleiing er sjølv fundamentet for ei bærekraftig hjorteforvaltning i Hovda-området.

Harald Søvdsnes
.....

Harald Søvdsnes

Styreleiar, HUL